

BOKN BYGDABLAD

NR. 5 - JUNI 1997 - ÅRG. 12



17. mai i sommarvér	s. 2
Europipe II/Åsgard Transport - felles prosjekt	s. 8
GLIMT FRÅ BOKN!: Bokn kyrkje 02.10.33	s. 10
NYTT I BOKN!: Dirt Rider Trial Team	s. 12
STUBBAR OG ORIGINALE SVAR	s. 17
Prosjektveka på skulen	s. 18
Lesarinnlegg	s. 22

17. MAI I SOMMARVÉR!

Sjølv òm vermeldinga var lovande for nasjonaldagen, var det ikkje fritt for at mange stussa då det begynte å småregna mens kapproinga gjekk føre seg i Alvestadkroken. Men det var ikkje så lenge før sola kom gjennom, og resten av dagen blei til den finaste førsommardagen ein kan tenkja seg med nyutsprungne bjørk og alt det naturen elles kan visa fram på denne årstida.

MORGONMUSIKK

Bokn musikkorps kjørde tradisjonen tru rundt i bygda med lastebil tidleg på morgonkvisten med korpsmusikk frå lastebil.

FROKOST OG KAPPROING

Det offisielle programmet starta med kapproing i Alvestadkroken kl. 08.00. Ein del folk hadde samla seg på kaien for å sjå på, og mange skulle ha frokost på sjøhuset. Kapproinga gjekk fint, med både jenter, gitar og vaksne som prøvde seg. Heilt stille og fint på sjøen, og ideelle forhold for konkurransen.

FOLKETOG OG GUDSTENESTE

Godt med folk hadde samla seg i Alvestadkroken for å stilla opp i toget som først skulle innom Bokn kyrkje til 17. mai - gudsteneste. Flagg i fronten og 2 hestar med 17. mai komiteen i kjerrene starta turen mot kyrkja med musikkorps med god lyd fylgd av barnehage, skulebarn og fest- og bunadkledde folk. Eit skikkeleg fint 17.mai-tog med glade og forventningsfulle ungar. Det ville nok ikkje blitt same susen utan musikkorpsset.

Dei minste stiller talrikt opp i toget. Når det kjem til fanene for mellomtrinnet og ungdomsskulen merkar ein at det er nokså glissent. Neste 17. mai-tog må me oppfordra desse til å møta betre fram.

Som vanleg på ein fin 17. mai-dag fullsett kyrkje av barn og vaksne.

Etter gudstenesta tradisjonell rute til Boknatun med korpsmusikk utafor Bokn sjukestove.



*Nils Bjørn Nilssen
og Svein Ove
Alvestad kappror
med Kurt og Arvid
Jøsang, med startar
Lars Magnus
Alvestad til venstre
på bildet.*

Foto: RA

APPELL

Så kom den store prøvelsen for dei

minste som både var tørste og hadde lyst på is og sjokolade. Det er ikkje så lett for dei å skjønna vitsen med at salget ikkje startar før etter programinnslaget i gymsalen.

Og dette programmet var fint med Prøysen-songar av eit barnekor, solosong og appell. 7. klassingane Elise Marie og Susanne hadde gode ord og tankar for dagen.

MATEN ER HALVE FØDA

Kl. 13.00 kom salget i gong, både av mat og andre godsaker. Ved at dagen var så fin, var det mykje folk ute. Dette gjer at det blir lettare å avvikla både matsalg og anna. Køen var stor framfor matsalget, men dei fleste fekk nok det dei ynskte seg, både ertersuppe og kaffi med marsipankake.

LEIKAR FOR BARN OG VAKSNE

Det var folk over alt. Mange som spikra, kasta ball, piler eller kjørde karusell. For dei minste var det både sekkehopping og balansering med potet i skei.

HESTAR

I år var det skikkeleg med hestar å sjå 17. mai. Og dei som ville kunne ri, kjøra med ponni eller kjøra i karjol. Det såg ut til at dette var eit populært tilbod for dei minste. Det var rideklubben som sto for dette tilbodet.

DET SOSIALE

I det fine veret såg det ut til at folk kosa seg.

Mange var nok bortreiste på dagen, men sikkert fleire var komne til Bokn i og med at det var pinsehelig. Mange synes denne sjansen til å treffa folk du sjelden ser er noko av det greiaste med å samlast i skuleområdet.

FOTBALLKAMPEN

I år sto kampen mellom sjuarlag frå Bokn Plast og ungdomsskulen. Mange trudde kanskje at det unge laget frå Bokn Plast som hadde spelarar frå idrettslaget sitt vaksenlag ville dominera. Men den gong ei. Dei unge frå ungdomsskulen var nok betre trent og samspelte, og vann 5 - 2. Det er vel lenge sidan me har sett to så gode og jamne lag på banen på ein 17. mai i Bokn.



Laget frå Bokn Plast: fv. Jan Kristian Jøsang, Torleif Tollaksen, Ronny Taraldlien, Atle Jøsang, Otto Fostenes - foran Svein Kro

GODT AVVIKLA

17. mai-komiteen og dei frivillige hadde gjort sin del av jobben med veret som ein god hjelpar. Folk drog venteleg vel nøgde heim for å kvila og eventuelt ordna seg til fest eller dans.

FOLKEFEST

Den tradisjonsrike folkefesten om kvelden samla skuffande lite folk. Vanlegvis er det fullt i gymsalen under denne hendinga, men denne gong kunne ein berre telja kring 55 stk. rundt borda. - Me får kosa oss me som er her, sa festleiar Leif Vatnaland, og det gjorde også dei frammøtte, for programmet var det ingen ting å seia på.

Festen var lagt opp kring det tradisjonelle faste mønsteret. Etter ein flott prolog av Olaug Hognaland var det klart for hovudtalar Petter Steen Jr. Den kjente politikaren frå Haugesund som m.a. er leiari for Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd, hadde gjort lekse si og leverte oss ein av dei beste 17.mai-talane i Bokn på 10 år, med stikkord som demokrati, menneskerettigheter, rasehat, frihet, tryggleik, fred og folkestyre.



Petter Steen Jr. heldt ein flott tale.

Foto: JH

Etter ei god matøkt med drøs og bordkonkurranse

var det klart for lett og variert underhaldning. Daghild Grønnestad og underteikna akkompagnerte Bianca Alvestad. På programmet denne gong stod *Eternally*, *Danse mot vår* og vinnar av Eurosong -97: *Love shine a light*. Daghild og Bianca har optrådt mykje i bygda dei siste åra, og desse flinke jentene likar tydelegvis å

framføra musikken sin. Godt er det, for kommunen har ikkje for mange slike ungdommar å velja i.

Etterpå stod Venevil Birkelund, Ingvild Sæbø, Oddrun Nilssen og May Jorunn Vatnaland for ein fin kontrast med sitt innslag. Songane *Sangermarsj*, *Bind deg ein blomemkrans*, *Menuett i mai*, *Fering og frieri* og *Å, Vestland Vestland* blei både framført a capella og med Venevil bak pianoet. Dei som ikkje var på festen fekk ikkje sjå og høyra desse damene visa syngjeglede, god kommunikasjon både med publikum og seg imellom, og god tekstuttale. Det er forhåpentlegvis ikkje siste gong songkvartetten har vist seg offentleg, og dei kan godt også syngja meir fleirstemt neste gong.



Den glade songkvartetten fr: Venevil Birkelund, Ingvild Sæbø, Oddrun Nilssen og May Jorunn Vatnaland.


Foto: JH

Då Leif Vatnaland sa at han skulle vera med på eit innslag, ante nok mange kva som skulle skje, og jammen fekk me ikkje sjå ein nyskrive revysketsj av og med festkomitéen, etter ein idé av festleiareren. Me fekk sjå ein god gjeng som på ein kommuneplankonferanse diskuterte korleis ein skulle få opp folketalet i kommunen. Sentrale ord i

samtalen var gasskraftverk, skrapesjuka, vindmøllekraft, strømtilkopling, ungarar og meir ungar. Slik folkeleg humor slår alltid an på ein slik fest, og det dukka også opp fleire skjulte talenter til neste bygdarevy.

og fint for seg. Dansebandet fekk folk med seg, og det var ein eventyrlig stemning. Dansen gav kr. 5.000,- i overskot.

Den nye mixepulten samt ein ny monitor til kommunen sitt lyd-



Fv. Daniel Thuestad, Jan Are, Berit Are, Leif Vatnaland, Olav Rossebø, Ottar Borgen- vik og Jarle Larsen på kommunepan- konferanse
Foto: JH

Før Daghild Grønnestad akkompagnerte til siste allsong, takka Leif Vatnaland alle som hadde hjulpe til med arrangementet.

DANS

Broken Deal spilte opp til dans, og leiar i Bokn idrettslag Liss Sæbø kan opplysa om at det hadde vore ca. 150


der, nesten tredobbelt så mange som på folkefesten.

Idrettslaget har fått mykje skryt for ein god, gammaldags boknadsans med konfirmantar og 60-åringar

på same dansegulv, der alt gjekk roleg

lysanlegg var i bruk for første gong på 17. mai, og lyden var svært god! Ein stor takk til Kjartan Jensen som på få dagar gjorde seg kjend med, og fekk så bra lyd ut av den avanserte mixepulten!

Også ein spesiell takk til Svein Veaa som blei med i korpset 16. mai då to kornettistar måtte melda pass i siste liten. Ein stor prestasjon!



17. mai- komiteen i år var kontroll- utvalet saman med viltnemnda.

- dag, Reidar Alvestad -

- kveld, Jardar Havikbotn -

17. MAI 1997

- prolog av Olaug Hognaland -

Dei kunne gjerne skriva, og fylla blad og bok, dei som kom i tide, og hadde emne nok. Her vrir me våre hender og hovud og spør, kva skal ein stakkar skriva, når alt er skrivne før. Så kom det ein ide, me kan laga

litt miks av Bjørnson, Hovden, Garborg og Blix. "Fagert er landet", kan det vera betre sagt? Dei orda kan gripa oss alle med makt. Folk kan ferdast verda over, mange gjev sitt ord at ikkje mange stader såg dei på jord som kunne visa vakrare natur, enn landet der nordmenn bur. Snøkledd fjell og blømande lier, vekslande etter årets tider. Og pynta det er av menneskehand, velstelte hagar i by og land.

"No livnar det i lundar"
Natura er vakna, alt går sin gong, du vekkjest i solskin av fuglesong.
Dei har det travelt alle som ein, vippar og hoppar frå grein til grein.

Dei må vera på farten skal dei få nok til sin svoltne gapande ungeflokk. Dei gleder oss med all sin prakt, med sin song og sin vakre drakt. Må dei alltid ha levelege kår, så dei kan glede oss kvart einaste år.



"Her ned i grunnen sveitten rann, trufast åt fedrane våre". Arbeidsvilkåra dei hadde den gong, skaffa dei all den mosjon dei trong. Om det var på sin eigen gard, eller det var på dagløn dei var.

Åkrar vart rудde med spadetak, arbeidet tok den heile dag. Dei fekk med seg kvart einaste strå. kona og mann med riva og ljå. Han segla og rodde sin fiskebåt, på stille sjø og i brenning og brot.

Me kan seia etter det me veit, var det ikkje berre fedrene som sleit, kven trur du det var som bar vatn i hus, og mata ku og gris og pus?

Ho stend og steller i kjøkkenkrå, ho mor. Dei hadde kosta dyrt for Garborg, desse ord, om dei var skrivne i nittennittisju.

Då skulle det blitt liv, å huttetu.
Han ville blitt kalla ein egoist og ein
mosegrodd manns sjåvinist.
Sanneleg skulle den gamle få finna kva
det har på seg å fornærma kvinna.
Men kanskje hadde dei berre ledd, dei
unge som ved middagsbordet set, og
gjer seg godt av maten hans far. Ho er i
byen på seminar, ho mor.

"Ja vi elsker dette landet."

Det er ikkje for store ord,
vår glede er ekte, vår takk er stor.
O vår takkesong går til Han som heldt
si hand over folk og land.
Me veit me som minnest då fridomen
blei tatt, og vår glede då me fekk den
att.
Den me har kjær, vil me gjerne skal ha
æra, gjeve nordmenn er kjende uti
verda. Kjende for arbeid for fridom og

fred, og ein tur til Sydpolen rett som
det er.

Det nyttar ikkje å nekta heller at litt
misunning er med i spelet. Va ikkje
lippa di kanskje litt sid, då du gjekk til
køys etter siste Grand prix?
Det er ikkje mykje fotball me får sett,
kven som vinn kan koma ut på eitt.
Men er det heile Norges lag,
ja då blei det ei anna sak.
Me kan godt spandera ein
fjernsynskveld, når det er vårt
fedrelands æra det gjeld
Som tida lid blir vi ganske spente på
tru om dei har finalen i vente.
Og har dei vunne det store spel, me
gleder oss med Drillo, og alt er vel.
Må alle ha lukke kvar med sitt,
i eit land som er fredeleg og fritt.



Ein pressemelding frå NRK Rogaland
fortel at Bokn skule er ein av 16 skular
i fylket som blei trekt ut til å vera med
i SPÅ til hausten. Forutan tre skular på
Karmøy er Bokn åleine med frå
nordfylket. Reform-97 gjer at det frå
hausten av blir 6. klassingar som skal
delta i spørjeleiken.

6. klasse frå Bokn skal 7. oktober møta
Solås skole frå Gjesdal. Dette er 6.
runde i lokalradioen. SPÅ vil gå på
NRK Rogaland kvar tysdag frå 26.
august til 9. desember. Lukke til!

FLOTT TURISTMAGASIN '97

Bokn reiselivslag har vore med og laga
eit 20 siders turistmagasin. Heftet, som
både er på norsk, engelsk og tysk,
omfattar Tysvær og Sveio i tillegg til
Bokn. Reiselivslaget kan vera svært
nøgde med dette magasinet som
absolutt må sjåast. Det blir nok lagt på
sentrale stader på Haugalandet, og me
har også ein del eksemplar på
kulturkontoret for dei som er
interesserte.

Turistmagasinet heiter *E-39 over
Haugalandet*. Dette kjem av at Riksvei
1 fekk Europaveg-status 27. mai, og
heiter no E39. Veggen, som kjem frå
Danmark har det same namnet frå
Kristiansand til Trondheim.

EUROPIPE-II - ÅSGARD TRANSPORT - ett felles landrørprosjekt

Statoil har besluttet at de to landrørprosjektene, Europipe II over Bokn og Åsgard Transport fra Kalstø til Kårstø skal slås sammen til ett felles landrørprosjekt under én ledelse. Morten Vinje, som til nå har vært ansvarlig for landrørprosjektet over Bokn er utnevnt til prosjektleder for det integrerte felles landrørprosjektet.

Knarholmen


Statoil er nå i ferd med å legge siste hånd på tilbudsdokumentene for de første forberedende anleggsarbeidene på Bokn og planlegger å inngå kontrakt for dette arbeidet i juli, med planlagt anleggstart i september i år. Det vil medføre at innbyggerne på Bokn vil merke de første anleggsaktivitetene på Knarholmen og langs rørtraséen fra siste halvdel av september.

Under de tekniske undersøkelser for bruk av Knarholmen til inntransport av rør og riggområde for anleggsdrift, er det bl. a. framkommet at det vil være svært omfattende å bygge en tilfredsstillende anleggskai på området. Statoil har derfor endret noe på transportplanene for rør inn til traséen. Dette vil også få betydning for hvordan Knarholmen vil kunne bli benyttet i anleggsperioden.

Avklaringer

I Europipe II venter vi fortsatt, både på avklaringer fra arkeologene hvor vi har søkt om frigivelse av arealer, og på resultatene fra undersøkelsene som Kystverket og Statoil har satt igang i forbindelse med kryssingen av Falkeidflæet. Vi forventer at begge disse sakene blir avklart før sommerferien og at de går vår vei. Først da kan reguleringsplanen endelig godkjennes i kommunen, og Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern kan behandle vår søknad om tillatelse til start av anleggsarbeidet.

KVARHOLMEN



PROJEKT	DRUKK	BY	BYGGER
STATIDOL	2553100	D101	Bercal Stromme
FORUTSETNINGER FOR KONSTRUKSJON AV			
EPLANING			
TITTEL			
SIST			

SERIE

GLIMT FRÅ BOKN!

I serien GLIMT FRÅ BOKN! vil Bokn bygdablad presentera ulike avisutklipp frå Bokn-historia. Fram til kyrkje-jubiléet i september vil dette dreia seg om kyrkehistoria.

Denne gong kan du lesa om då Bokn kyrkje blei innvia etter oppussinga. Artikkelen stod i Hgsd. Dagblad 2. oktober 1933:

Bokn kirke innviet igaar.

Usedvanlig stort fremmøte baade formiddag og eftermiddag.

Som bekjent har det iaar paagaatt betydelige utsmyknings- og oppussingsarbeider i Bokn kirke. Denne utsmykning har vært et betydelig løft av den lille menighet, et løft som er et tegn paa hvilken kjærlighet menigheten omfatter kirken med. Der er som tidligere meddelt bygget nytt sakristi, i samme stil som sakristiet i Tysvær kirke. Videre er der foretatt hel ombygging av koret og dette blir nu i rundbuestil med søiler. Der er ogsaa nymalt overalt. Igaar formiddag blev kirken innviet under meget stor deltagelse fra menigheten. Om formiddagen holdt sogneprest Værnes en gripende tale over dagens tekst. Efter prekenen ønsket prost Kornelius menigheten til lykke med kirken, samtidig som han pekte paa den offervilje

menigheten hadde vist ved aa sette kirken i en slik vakker stand. Prosten talte i tilknytning til salme 26, 6.

Kl. 5 om eftermiddagen var der nadvergudstjeneste og prost Kornelius talte vakkert oper Ap. 2, 42 om de fire livskilder. – Sogneprest Værnes assisterte. Ved nadvergudstjenesten blev de 48 særkalker i sølv, en gave fra L.M. Larsen Kro og hustru, brukt for første gang.

Neste avsnitt i denne serien vil handla om då kyrkja var 100 år i 1947.

*Det lokke e fele i forsommernatta,
det sverme e lerkje med lauv under venga,
og blismilen smaug mellom jenter og guter
og la seg på hjarte som doggen på enga.*

Einar Skjæraasen



SLEKTERS GANG

FØDDE

21.02.97 Anita og Harry Bokneberg:

Julie

26.03.97 Ann Elisabeth Strand og

Annstein Vik:

Christopher Strand Vik

DØDE

15.03.97 Torger Emil Grønnestad

15.04.97 Osmund Øvrebø

11.05.97 Anders Blikshavn

Bokn Bygdablad vil halda fram med minneord i bladet når dette er i orden for dei pårørande.

Takk for all medfølelse og blomsterhilsnener ved Anders Blikshavns bortgang. En spesiell takk til Bokn sjukestove for omsorg og god pleie.


- familien

MINNEORD

Anders Blikshavn er død, 89 år gamal. Foreldra var Hanna og Lars Bokneberg, og Anders var nummer fem i ein syskenflokk på fem gutar og to jenter. Han var til sjøs i to år før han gifta seg i 1934 med Jensine Grønnestad, dei fekk fire barn - korav eit døde ca. 7,8 mnd. gamalt.

Anders var bonde på garden Økland kombinert med fiske. Han var mykje på fiske saman med to av brørne sine, m.a. på båten Fløsum. Som bonde var han ein samarbeidsvillig og kraftig arbeidsmann. Anders hadde lett for å koma i kontakt med folk, og var godt likt.

I 1959 slutta han med garden og blei sjømann, m.a. på natrutra Stavanger - Bergen. Anders Blikshavn etterlet seg tre barn, åtte barnebarn og seks oldebarn.



SERIE NYTT I BOKN!

Bokn bygdablad presenterer nye ting som skjer i bygda, aktiviteter som har blitt til i løpet av det siste året, eller snart vil koma. Denne gong kan du lesa om den nye trialklubben, og neste mnd. er det klart for hesteklubben BORK.

DIRT RIDER TRIAL TEAM

Ein vanleg sundags ettermiddag i fint vårvér, ofte ein kjedelig dag for mange ungdommar, er det full aktivitet på plassen foran Kyrkje-bygd skule. Nokre ungdommar i verneutstyr skiftar på å køyra ein trialsykel medan andre fylgjer godt med og ventar på å få sin første undervisningstime av instruktør Frode Lie.

- Korleis kom Dirt Rider Trial Team (DRTT) i stand, Frode Lie?

- Eg kom tilfeldigvis i prat med Kjartan Jensen i fjor om trialkøyring i Bokn. Han fortalte meg om eit ungdoms-prosjekt kommunen hadde i 1995/96, som Øyvind Børgesen stod i spissen for. Då kjøpte kommunen inn 4 trialsyklar, verneutstyr og reservedelar i tillegg til at ei ungdomsgruppe fekk lisenskurs. Prosjektet stoppa opp våren 1996 då ungdomsprojektarbeidaren slutta. Dette måtte me gjera noko med, og så byrja hjula å rulla - bokstaveleg talt.

Frode Lie er ein svært entusiastisk 22-åring som er maskinteknikar av yrke.



Eplet fell ikkje langt frå stammen. Gunnar og Tor Inge Sæbø.
Foto: JH

Interessa for motorsport fekk han tidleg. 12 år gamal byrja han å køyra trial, og han var 15 år då han supplerte med gokart. I 1994 blei Frode liksågodt noregsmeister i gokart! Det må også nemnast at han har reist rundt på motorstevne i Norden både som utøvar og maskinmekanikar, og det er kjekt at ungdommen i Bokn får nytta godt av dette.

- Gunnar Sæbø er også i aktivitet. Betyr dette at du har fått med deg vaksne personar?

- Ja, Gunnar har vore interessert heilt

frå starten av. Arvid Sæbø og Ottar Borgenvik er også aktuelle, og fleire er velkomne, roper Frode mens han gjer seg klar til læra Eilin Hognaland å køyra.

- Eilin Hognaland, kvifor ville du bli medlem av DRTT?

- Det virka gøy å vera med, og eg er vel nysgjerrig som alle andre til å prøva noko nytt.

Eilin er ei av seks jenter (av 16 ungdommar) som til nå har meldt si interesse. Eg får opplyst at det er spesielt for Bokn med såpass stor andel med jenter i denne guttedominerte sporten. Trass i stor interesse er det plass til mange fleire. Trial, som ein kan byrja med det året ein fyller 10 år, er ein idrett alle kan ta del i.



Eilin Hognaland får instruksjon av Frode Lie.

Foto: JH

Eilin har aldri køyrd før, men det tar ikkje lang tid før ho er i full sving på grusen foran Petra Fritidsklubb.

- Ja, nå ser du at det ikkje tar lang tid før dei aller fleste nybegynnarar har kontroll over sykkelen, konstaterer Frode.

- Kva er viktig når ein skal køyra trial?

- Du må ha bra balanse og konsentrasjon, og du må heile tida sjå fram og vita kor du skal. Det er også ein fordel å ha øyra for motor, men alt dette er sjølvsgagt ein treningssak.

Frode legg også til at dei som køyrer trial ofte blir kalla *motorsykkelsportens akrobatar*, og det er svært vanleg at svetten piplar fram under hjelmen etter ei økt i terrenget. Ja, for det er i terrenget aktiviteten eigentleg skal

foregå. Her på grusen foran Kyrkjebygd skule er det i første rekke grunnleggande balansetrening som står på timeplanen. Men her er også vidarekomne ungdommar som får bryna seg på meir vanskelige oppgåver. Tor Inge Sæbø er ein av desse som har vore med frå starten hausten 1995.

- Kor mange var det som starta opp saman med Øyvind Børgesen, Tor Inge?

- Me var seks gutar

som fullførte lisenskurset. Då hadde me åtte timar teori i tillegg til ein praktisk prøve, kjem det frå Tor Inge idet sykkelen blir slått av og parkert.

Han fortel vidare at trialmiljøet i Bokn alltid har hatt god kontakt med Haugesund Trialklubb, og køyringa i 1995/96 foregjeikk på Årabrot nord i Haugesund. Tor Inge er glad for at Frode rett som det er tar klubbmedlemmer med til stevner o.l., slik Øyvind også gjorde.

- For ikkje så lenge siden var Sveinung (Sæbø) og eg med Frode då han var dommar i eit kretsmeisterskap. Det var skikkelig gøy! Til sommaren skal eg kanskje på eit stevne i Bergen, fortel Tor Inge, som alltid har hatt interesse for motor. - Eg er nok smitta av faren min.....

Den entusiastiske 13-åringen fekk seg gokart då han var 10, som er solgt nå.

- Eg satsar på å kjøpa meg ein trialsykkel etter konfirmasjonen neste år.

- Korleis skal du bli betre, Tor Inge?

- Eg må få betre tru på meg sjøl, kjem det smilande idet sykkelen blir gjort klar til ein treningsrunde.

Eilin er tilbake frå sin første undervisningstime, og på spørsmål om det var vanskeleg svarer ho at det ikkje var lett å høyra kva gir ho skulle køyra i. Ho måtte konsentrera seg skikkeleg, men det var *grøvla gøy!*

Björg Synnøve Lie er også ei som vil vera med på dette nye aktivitetstilbodet i kommunen.

- Kva forventningar har du til dette, Björg Synnøve?


- Eg vil læra å køyra sykkel og ha det gøy, og eg er ikkje så opptatt av å delta på stevner seinare.

Björg Synnøve synest det ser vanskeleg ut å konsentrera seg om alt på ein gong, men ho er motivert for å læra å meistra sykkelen.

- Kva må til for at du vil halda fram i denne klubben?

- Me må få nye utfordringar heile vegen, slik at det ikkje berre blir det same. Eg håpar også at resten av syklane snart blir gjort i stand. Det blir mykje venting når alle skal køyra i 20 min. kvar.

Alle ungdommane ha berre godord å seia om Frode. Han er spesielt flink til å gi ros og oppmuntra til å meistra nye oppgåver.



Björg Synnøve Lie Foto: JH

I kommunedelplan for idrett og friluftsliv er eit område til trialkøyring på Vatnaland lista opp under lang-siktige behov. Frode fortel at Torland er midt i blinken for nybegynnarar, og

med velvilje frå grunneigar foregår nå all terrengkøyring der. Dette betyr ikkje at Vatnaland er ute av bildet. Det trengs store utmarksområde til denne type aktivitet, og det er berre fint med forandring. Minuset med området på Vatnaland er at riksvegen går rett ved sida av, og det er venta problem med vegvesenet ved ev. forsikring av aktivitetsområdet.

- Er sporten farleg?

- Sikkerheten står alltid i fokus, og det er alltid vaksne til stades under køyringa. Først når ungdommane har lisens kan dei køyra åleine. Ellers er det aldri noko problem med sikkerheten. I og med at den som sit oppå sykkelen avgjer kor køyreruta går vil dette begrensa seg sjøl.



- Kvifor er dette ein dyr sport?

- Eg vil ikkje utan vidare vera samd i at sporten er dyr. Kvar gong ein køyrer vil det gå med ca. 20 kr. i bensin, og det er svært billig. Men dersom ein har dårlige holdningar og behandlar

sykkelen deretter, vil det bli store reparasjonsutgifter, opplyser Frode, som legg stor vekt på dette med forebygging. Etter køyring skal alle gjera syklane reine; dei skal vaskast og smørast inn. Vidare er *mekking* eit sentralt stikkord. Medlemmene av DRTT får også undervisning i reparasjon og vedlikehald av syklane. Og mekkinga foregår i kjellaren til Frode Lie og Randi Bokneberg, der alle syklane samt det verktøyet som skal til blir lagra.

- Til hausten reiser du til Trondheim for sivilingeniørstudier. Kva skjer med klubben då?

- Planen er at desse interesserte foreldra tar aktivitetsleiarkurs i løpet av våren slik at dei kan overta drifta og

stilla lagrings/mekkeplass og verktøy til disposisjon. Det er ikkje så mykje verktøy som skal til som folk trur.

*Sveinung Sæbo
i full konsentrasjon på
Torland.*

Foto: FL

Klubben må kjøpa verktøy etterkvart.

- Korleis skal de skaffa inntekter?

- Som andre lag må me vera aktive for å overleva, og førebels har me snakka om å arrangera dans. Neste år vil me også søkja kommunen om kulturmidlar

på vanleg måte, fortel Frode, som gler seg stort over at kommunen har gitt klubben ein god start.

Kommunestyret vedtok den 30. april å iverksetta dette trialprosjektet innafør aksjonsprogrammet *Barn & helse* som kommunen er med i, med ei kostnadsramme på kr. 21.000,- Petra Fritidsklubb gjekk då inn med kr. 1.500,- og medlemmene av DRTT har betalt kr. 100,- kvar. Tidlegare har kommunen etter søknad mottatt kr. 26.000,- frå fylkeslegen til prosjektet, og med støtte frå andre instansar har denne ungdomsaktiviteten blitt

realisert. Innafor kostnadsramma til prosjektet ligg innkjøp av ein større sykkel, ein såkalla 260. Eg får opplyst at klubben håpar nå å få to 260'ar til prisen for ein, og etter istandsetting av dei andre vil klubben ha seks sykklar. Frode reknar også med at fleire vil kjøpa eigne sykklar etterkvart.

- Eit siste spørsmål, Frode - du kjem vel att frå Trondheim?

- Eg likar meg godt i bygda og kjem att ein dag, og då forventer eg at DRTT er ein stor og oppegåande trialklubb!

NYTT STYRE I BOKN HØYRE

Gunn Grønnestad - leder
Per Helge Sunde - nestleder
June Grønnestad - sekretær/kvinne-
pol. ansvarlig
Leif Hansen - kasserer
Lars S. Alvestad - styremedlem
Svein O. Alvestad - gruppeleder

Edgar Våge - 1. vararepr.
Olav Rossebø - 2. vararepr.

Lokalforeningen i Høyre avholdt i 1996 seks styremøter, nominasjonsmøte til Stortingsvalget -97, og medlems/gruppemøter foran hvert kommunestyremøte.

Det politiske arbeidet i kommunestyre og formannskap har hatt bedre samarbeidsklima partiene mellom enn

tidligere. Arbeidet har vært preget av problematikk vedr. gassrørledning, virkning og innføring av eiendomsskatt og omorganiseringsprosessen i kommunen.

Styret

SKYTEPRØVE FOR STORVILTJEGERE

TRENING

- Onsdag 11. juni kl. 18.00 - 20.00
- Søndag 22. juni kl. 14.00 - 16.00
- Søndag 13. juli kl. 14.00 - 16.00
- Onsdag 30. juli kl. 18.00 - 20.00

PRØVE

- Søndag 10. aug. kl. 14.00 - 16.00
- Onsdag 27. aug. kl. 18.00 - 20.00

NB! 30 obligatoriske treningsskudd for prøve kan gjennomføres. Ingen trening på prøvedagene.

BOKN SKYTTARLAG

«SOM EIT HILLEVÅG»

For over hundre år sidan skulle det ikkje så svært mykje til for å gjera inntrykk på ein boknar. Maurits Gabrielsson Dybing frå Heskestad var omgangsskule-lærer i Bokn frå 1870-åra etter fyrst å ha "skult" mellom anna i Strand og Ogna. Då han kom til Bokn kjøpte han Litla-Kjøynå av enkjå etter Per Ommundson. Dei var innflyttar-folk. Enkjå heitte Marta og var frå Udlanes på Rennesøy. Ho skulle framleis bu i huset med fleire born. Det ville bli trangt, for huset var ikkje stort, og det måtte stellast på. Farfar min (til Elisæus) var der og vølte med ymse ting, m.a. sette han inn nye glas. Dette var om hausten og ein myrk kveld sette Maurits ljosi i glasa i begge romma og rodde ut på sjøen for å sjå koss det tok seg ut der i frå. Han var stornøgd då han kom i land: "Det skje vera som eit Hillevåg", let han om.


Då Maurits flytta frå Kjøynå til Laupland, selde han halvparten av øya til Jakob Dagsson Tuestad på Trosnavåg, ein annan omgangs-skulelærer. Dei dreiv den saman i fleire år på det viset, at dei bad folk i dugnad til å slå graset og arbeidde so saman med like mange folk kvar i høyinga.

HO SAT

Før i tida var det ikkje alltid at to som skulle gifta seg, hadde vore sambuarar på førehand. Ein gut som sidan slo seg til på Bokn, var midt på 1800-talet i Ryfylke og fann seg brur. Jenta var av vyrd ætt, men var halt og noko eldre enn guten. Då han kom heim for å presentera henne for foreldra, var mora ikkje heilt nøgd med at ho halta. «Hu sat då eg fria» årsaka guten seg med.

LEET VED
HOGNALANDSVATNET

I 1840-åra budde Erik Larsson på Hognaland. Han hadde eit le nede ved Hognalandsvatnet. Det vart titt ståande ope, so kyrne som gjekk i den vestra utmarka kom heim. Det var helst folk ovanfrå Dagsland, Øygarden og Kleivå som gjekk gjennom der. So skreiv Erik på leet: "Oplændingsmænd, luk op og luk igjen". Lars Plasset frå Sunnaland svara i same stilen: "Deres le må lettere gå, eller så får det åbent stå".



Teikning: Bjørnar Bryningsland

PROSJEKTVEKA PÅ SKULEN

Bokn skule har for kort tid sidan (24.4-30.4.) gjennomført si årlege prosjektveke. Tidlegare år har skulen, som nokre boknarar kanskje hugsar, hatt emne for veka som har hatt tilknytning til kystkultur med sjø og fiske som tema. Dette året har ein hatt landjorda med garden og livet der, som gjennomgåande tema for heile veka. Nytt av i år var også at dei tre hovudstega på skulen; småskulen, mellomtrinnet og ungdomstrinnet, hadde aktivitetar kvar for seg. Tidlegare år har ein blanda trinna slik at store og små har vore i same gruppene. Denne aldersblandinga har ein hatt god erfaring med, men ynskte no å gjera dette annleis i år slik at ungdomstrinnet pluss 6. klasse skulle få prøve ein ny måte å arbeide på, nemleg prosjektarbeid. Prosjektarbeid er ein arbeidsmåte den nye læreplanen for skulen seier ein skal bruke frå hausten av.

Veka starta med at alle elevane på skulen fekk vera med på eit gardsbesøk anten hos Harry Vågshaug eller Trond Nedrebø. Her vart elevane viste rundt og fekk sjå ein del av det som finst på ein gard av dyr, hus og utstyr elles. Tusen takk til dei to som ofra tid og krefter på skulen i denne tida som er travel nok for ein bonde frå før.

Vidare hadde småskulen aktivitetar på skulen der dei gjorde mange ulike ting som m.a. lage små gardsmodellar, teikne og skrive om dyr og plantebuskar og blomar ute i skulegarden. Gardsmodellane vart flotte og vart

viste onsdag då skulen hadde open gard hos Sigmund Alvestad.

4. og 5.klasse brukte mykje av si tid til å lage mat. Då var det snakk om vanleg mat med tradisjonar på Bokn, slik som råmelkspudding, jødekaker og lappar laga med råmelk og koking av saft. Det meste av det som vart laga kunne ein få smake for ein billig penge på open gard arrangementet der elevane sjølv ordna med salet. Elles var desse to klassane på tur til Haugesund Meieri der dei fekk sjå kva som skjer med mjølka før ho vert tappa i kartongar eller blir til ost. Same dagen var dei også på Ørpetveit Gardsmuseum. Også desse elevane planta ute i skulegarden, og det var både nyttevekster og prydevekster som vart sett i jorda. Til hausten bør skulen vera sjølvforsynt med poteter, og etter kvart skal ein også kunne hauste egne kirsebær.

For dei eldste elevane var ein del av målet å gjere seg kjend med prosjektarbeid. Dette er ei arbeidsform elevane og lærarane i norsk skule er lite kjend med, men som skal bli ein fast arbeidsmåte etter den nye læreplanen. Kvar av elevane avgjorde sjølv kva dei ville arbeide med, planla og gjennomførte sitt prosjekt med ein lærar som støtte. Dei fleste elevane jobba saman med andre elevane som hadde valt nokolunde det same emnet. Det vart mange fine resultat av dette arbeidet, bl.a. vart det laga ein modell av ein av driftbygningane på Bokn, det vart laga lefser og rømmegraut og mange fine plakatar og hefte. Alle arbeida vart

viste hos Sigmund Alvestad. Prosjektarbeid som arbeidsform viste seg å vere ei udelte positiv erfaring for både elevar og lærarar. Elevane viste både kreativitet og pågangsmot i det arbeidet dei gjorde.

Avslutninga på veka var open gard hos Sigmund. Hit var foreldre og andre boknarar inviterte for å kunne sjå resultatane av noko av det ein hadde jobba med denne veka. Mange fekk seg ein liten ridetur på hestane Torland bufellesskap var så greie å stille opp med. Mykje god mat var der også. Me på skulen vil gjerne få nytte høve

til å takke Sigmund Alvestad som lot oss bruke gard og grunn til avslutningsdagen vår, det var ein flott plass til eit slikt arrangement. Vidare vil me få takke Bokn Bondelag som hjalp til, og elles alle boknarar som var velvillige mot elevar som tok kontakt for å få opplysningar eller anna hjelp. Alle var med og gjorde dette til ei fin veka for alle oss på skulen.

Brit Opsal

Bygdabladet vil i julinr. koma tilbake til denne veka, m.a. med inntrykk frå elevane.

FLOTT BARNEKOR!

Småskulen (6-åringane, 1.-3. klasse) har dette skuleåret danna eit imponerande barnekor. Det starta i september i fjor då dei byrja med innøving av ulike julesongar. Mange av songane blei også dramatiserte, og resultatet blei ei fin kor- og dramastund under skulen si jule-

Barnekoret under prosjektveka.

Foto: JH



tillegg til fellesnummera delte seg opp klassevis i dei ulike songane. Programmet blei vist i sin heilhet på småskulen sin vårfest 9. april. Utdrag frå dette programmet blei framført

både under prosjektveka og på 17. mai. Koret har under framføringane vist både syngjeglede, flinke solistar og at dei også meistrar meir krevande

avslutning. Etter jul stod vårsongar av Alf Prøysen på programmet, der koret i

songoppgåver.

Me ser fram til neste opptreden!



TYSVÆR KOMMUNE

LANDBRUKSKONTORET

SKOGBRUK

DIR.TLF.: 52770581

Dato: 14.05.97

BOKN KOMMUNE - VERNESKOG

All skog i Bokn Kommune er å betegne som verneskog. Dette p.g.a. klimamessige forhold og de forholdsvis små skogbestand som finnes.

Kommunen har et relativt lite skogareal, ca. 3000 daa, og som helt klart har en positiv innvirkning på bostad og landbruksareal i denne del av fylket. Det bør derfor føres ekstraordinært tilsyn med hogsten, slik at denne ikke skjer på en måte som forverrer lokalklimaet eller gjør skade på gjennstående skogareal.

All hogst i Bokn Kommune skal meldes. En ser da bort ifra hogst av virke til eget bruk, samt hogst av enkeltrær eller småflater inntil 2 daa.

Utbetaling av tilskudd til skogtiltak i verneskog kan bare skje etter godkjenning fra skogbrukssjefen.

Verneskogbestemmelsen vil bety en innskjerpelse av prinsippet «frihet under ansvar»

Det vil ikke bety at den enkelte skogeier mister eller fratras retten til å eie eller drive skogbruk i kommunen. Verneskoggrensa er først og fremst ment å skulle sikre skogproduksjonen, samt ivareta andre hensyn som er nevnt i skogbruksloven § 32 og §33.

Det er med andre ord et biologisk vern, ikke en fredning etter naturvernloven, som ligger til grunn for verneskogen.


*Jan Erik Larsen
Skogbrukssjef*

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl.10.00 - 13.30

ONSDAG : kl.16.00 - 19.00

TORSDAG : kl.10.00 - 13.30



LESETIPS FOR JUNI

VAKSNE

Clark, Mary Higgins:
Kjærlighetsmordet


Johnson, Mahlon:
Kampen for et mirakel

Oterhals, Leo:
Havsølv
- om storvarp, svart hav og
tragiske forlis

Poe, Edgar Allan:
Mordene i Rue Morgue
og andre selsomme fortellinger

Hagetips:

Månsson/ Johanson:
Sommerblomstene våre



BARN OG UNGDOM

Aakeson, Kim Fupz:
Papegøyeplunder

Wendelbo, Kari:
Peperkakene som vart borte


FAKTABØKER FOR BARN:

Nerheim, Lillian:
Sommerboken


Tjøre, Irene Inman:
Dyr i skog og mark

Tjøre, Irene Inman:
For et hundeliv

**SAMMEN
OM BØKER**



LESARINNLEGG



Er det noko du irriterer deg over eller gler deg over. Kanskje du lurer på noko og vil stilla eit ope spørsmål i bygdbladet. Det gjer godt å få skriva av seg ting, dessutan er det sunt med opne diskusjonar og å få satt fokus på ting.

Du er velkommen med lesarinnlegg, og du treng ikkje skriva namnet ditt under viss du ikkje vil. Redaksjonen vil derimot ha namna på skribentane

SKRIVEMÅTEN PÅ STADNAMN I BOKN

I følge Bogn Bygdablad nr. 2/1992 blei det skriva at grunnen til at skrivemåten på stadnamna på Bogn måtte endrast var at namna skulle samsvara med den lokale uttalen (ifgl. ny lov av 1.7 -91).

Etter mi meining var det berre noko sprøyt, då me som lever i dag allerede hadde blitt vane med stadnamna og vegskilta som stod. Me som bur utover øya har nå etterkvart funne oss i dei nye vegskilta, og også fortalt framandfarande (som m.a. ikkje har vår dialekt) - at her på Bogn er nokre vegskilt på dialekt.

Men diskriminering finn me oss ikkje i - så om det verkeleg skal vera slik at stadnamna skal ha den lokale uttalen på vegskilta - så bør nok vegskilta innover på øya også endrast.

Framleis står det vegskilt som Alvestadkroken (på Bogn seier me *Krojen* eller *Alvestadkrojen*), likeeins står det Føresvik (så vidt eg veit blir det kalla *Vikjå*).

Er ikkje dette eit brot på den nye lova - eller kva?

Bogn, den 18.5.97
Forhenv. Ytrabu


ALLROM - BIBLIOTEK?

Høsten 1996 sendte fire ulike brukere av allrommet brev til Bokn kommune angående bokreoler som er plassert i allrommet, og dører som er boltet fast i gulvet, slik at det er uråd å lukke igjen til biblioteket. Vi synes det er usosialt når pensjonister, eller andre må settes i bås, ved festlige, eller høytidelige anledninger.

Brukere av allrommet har fått beskjed om å «sette på plass» etter seg, men hvem er det som må sette på plass?? Forretninger som triller ut varene sine på fortauet i åpningstiden, triller dem selvsagt inn igjen ved stengt tid. Det må vel være løsningen for biblioteket, og et irritasjonsmoment for mange vil være fjernet.

Ettersom Bokn kommune ikke har funnet det nødvendig å svare på brevet fra Bokn Røde Kors, Hagelaget, Pensjonistforeningen og Bokn begravningsbyrå, håper vi at hele folket blir orientert, såfremt der er gjort vedtak om forandringer i bruk av allrommet.

- irritert bruker -



IKKJE LEGG NED POSTKONTORET VÅRT

I fjor haust las eg i lokalavisa at alle kommunar skulle ha eige postkontor. Eg vart så glad - for eg tenkte nok at om postkontoret her på Bokn blei nedlagt, måtte eg heilt til Akdsdal for å hente trygda mi. Men til mi store undring las eg i Bokn Bygdablad at Bokn kommune allikevel ikkje fekk ha eige postkontor.

Les vidare at Utsira kommune har anka forslaget om å leggja ned postkontoret sitt. Har Bokn kommune hatt Postplanen til uttale? - og, har Bokn kommune anka forslaget om nedleggjing av vårt postkontor?

Bokn Bygdablad skriv vidare at det er muleg at butikkane her på Bokn skal ha ein postfilial. Å handla smør og sukker der er ein ting - men å heva trygda mi der vil vera noko heilt anna.

Kanskje det blir ein fordel - medlemskort i Forbrukersamvirke eller Domino-kort, så får eg presenter på trygda og!

Nei, folkens, ta pennen fatt og kom med motargument - det er vel ikkje for seint å snu?

Ta vare på dei få arbeidsplassane me har på Bokn!

Helsing
f.t. kontoeigar i
Postbanken

BARNETRIMMEN

Barnetrimmen fra Bokn deltok med et mix-lag i alderen 6-10 år på HÅFO-CUP 5. april i år. HÅFO-CUP er en turnering i håndball og fotball for barn i alderen 6-10 år. Arrangør er Avaldsnes I.L.

Bokn spilte mot Falkeid og Ølen, faktisk så vant me over Ølen. Me hadde det kjempekjekt med flott supporter gjeng med oss. Håper å delta neste år og!

MJV



*Bak fv: Rakel Jansen Alvestad, Linn Sæbø, Kristiane Larsen, Janne Elin og Maj Jorunn Vatnaland
Foran fv: Rebecca Sæbø, Sophie Jansen Alvestad, Hanne Marte Vatnaland, Kjetil Vatnaland*

Foto: Våge Studio

KULTURPRISEN 1997

Ein minner om fristen **16. juni** for å koma med forslag på kven som bør få kommunen sin kulturpris i år. Fleire opplysningar står i mainnummeret av Bygdabladet.

KOMMUNEBLOM

Dette engasjerer tydelegvis boknarane, og det har kome inn mange forslag allerede. Fleire har spurt om frist, men som det stod i Bygdabladet sist er det førebels ikkje sett nokon dato for dette. Utpå hausten vil det bli høve for boknarane til å stemma blant **alle** forslaga som kjem inn.

Sjølvm blåklokker, røsslyng og hestablom (løvetann) har blitt foreslått som kommuneblom, er det kusom (kusymre) som førebels seiler opp som favoritt. Argumenta står i kø for denne blomen, og viss denne tendensen gjenspeglar seg ute i bygda, skal det kanskje bli vanskeleg å slå kusomen.

Det er ikkje berre boknarar som har fatta interesse for dette prosjektet. NRK Rogaland har også tatt kontakt, og på radioen om morgonen den 13. mai kunne lyttarar få forståinga av at Bokn hagelag og urtegruppa i Bokn bygdeutvikling hadde kome med framlegget som var til politisk behandling rett før jul i fjor. Artikkelen i forrige nummer av Bygdabladet kunne også tolkast i denne retning. Dette er sjølvsagt ikkje riktig. Framlegget frå næringskonsulenten blei drøfta med nemnde grupper, som ikkje hadde innvendingar til framlegget. Bygdabladet beklager dersom dette blei feiltolka.

Inkludert klokkelyng er det til no fem ulike forslag. Er du ikkje enig, eller har andre forslag, tar du kontakt med kulturkontoret. Meir informasjon om val av kommuneblom står i mainummeret av Bygdabladet.

BOKNARANE KASTAR MEIR

«Nytt frå Toraneset 2-97» fortel oss at det blei samla inn 20 tonn avfall i Bokn under vårryddeksjonen 1997. Dette er 3 tonn meir enn i fjor. Denne auken på 16% tilsvarer 26 kg pr. innbyggjar.

Toraneset har i dei tre første månadene i år registrert at medlemskommunane kastar meir enn i fjor. I 1996 blei det ikkje sortert ut matavfall, men i år er dette ei prøveordning for 400 av abonnentane. Papiersorteringa har i desse mnd. hatt ei auke på 56%, og sjølvm om Toraneset har starta med å sortera vekk ein del matavfall har restavfallet auka med 6%. Dette er ei skremmande utvikling med tanke på kor viktig avfallsreduksjon er for miljøet.

Når det gjeld spesialavfall heiter det i informasjonsbladet frå Toraneset at det i Bokn blei samla inn omtrent like mykje under våraksjonen i år som i fjor. Det var venta at mengden av bilbatteri ville gå ned i år, fordi bilbatteriforhandlarane nå har etablert eigen mottaksordning for brukte batteri, og det blei også levert vesentleg færre slike batteri frå Bokn denne gang.

TRIMFEST FOR ALLE

Sundag 29. juni er det klart for Firebruersløpet/Bruamarsjen igjen. I Firebruersløpet er løypene halvmaraton (21,0975 km) og 10 km. I Bruamarsjen kan du gå halvmaraton i tillegg til løyper på 5 og 10 km. Alt startar på skulen.

Bokn idrettslag

ALVESTAD NÆRMILJØANLEGG - BADEPLASSEN -

Vegen til badeplassen er no gjerda inn. Badegjester må ikkje lenger gå blant dyr og ekskrementer for å få seg ein dukkert.

KULTURMIDLANE UTSETT

Dei som ventar på kulturmidlar for 1997 må venta litt lenger enn planlagt. P.g.a. stort arbeidspress er behandlinga utsett til juni.

SJØHUSKAFÉEN ER OPEN

Tor Harald Alvestad opplyser om at kaféen i Alvestadkroken er open kvar sundag i sommar. Dei starta opp 1. juni. Opningstida er kl. 12.30 - 19.00

HAR TIL SALGS

- 1 Bergans bæremeis, ca. kr. 300,-
- 1 Baby sittestol med bord
- 1 Cargo-bilbarnestol, trepunkts
- alt må sees, et. kl. 18.00, 52 74 85 79

DANS PÅ PLATTINGEN/SKULEN

Dansebandet Broken Deal likar seg så godt i Bokn at dei vil spela opp til midtsommar-dans på Plattingen (på skulen viss dårleg vær) den 21. juni. Det er den nystarta Dirt Rider Trial Team som arrangerer denne St. Hans-dansen. Aldersgrense er 15 år.

INTERNETT PÅ BIBLIOTEKET

Bokn folkebibliotek har etter søknad fått eit investeringstilskot for nettverkstilgang til biblioteket på kr.

23.300,- Bokn var den einaste kommunen som fekk full støtte frå Statens Bibliotektilsyn, 75% av den totale investeringssummen. Kommunens andel blei bevilga i det siste kommunestyremøtet. Dermed er det klart for ein moderne publikums-terminal på biblioteket vårt.

Bygdabladet vil koma tilbake med meir informasjon seinare.

KOMMUNEPLANARBEIDET

Bokn kommune takkar alle deltakarane på kommuneplankonferansen 15.03.97 for det store engasjementet og for alle innspela.

Til deg som ikkje deltok på konferansen, bryr du deg om Bokn?

Kanskje synes du Bokn er ein grei nok plass å bu no, - kanskje ikkje. Uansett har du sikkert idéar til korleis ting burde ha vore, kva som kunne vore anleis, eller korleis Bokn burde bli i framtida.

Nå har du sjansen til å få sagt det du vil om Bokn, slik at dei som jobbar med kommuneplanen kan få så mange idéar som mogleg.

For at andre skal få del i dine tankar og idéar må du skrive dei ned og sende dei til ordføraren, snarast råd og seinast 1. september.

Premiering!

Alle, både unge og eldre er sjølvstgt velkomne med forslag.

- Sigrunn -

LEIRGROV VEL

Dette heiter den andre velforeninga i Bokn. *Leirgrov* er visstnok det gamle namnet nede i Føresvik, derfor denne klingande tittelen på foreninga. Eit fellesmøte er avholdt for husstandane i både det gamle og nye byggefeltet i Føresvik, og det er nedsett eit styre på fire personar.

Akkurat som Havnavegen Vel, som blei omtala i april-nummeret av bygdbladet, så er *Leirgrov Vel* eit resultat av noko som er blitt snakka om lenge, og May Jorunn Vatnaland kan opplysa om at leikeplass, dugnadsarbeid, sosialt samvær, m.m. er aktuelle stikkord for velforeninga. *Leirgrov Vel* har allerede hatt dugnad; opprydning før 17. mai.

Det er nå stifta to velforeningar på kort tid i kommunen. Blir den neste frå *Alvestad-nord*?

LEGEKONTORET I BOKN

På grunn av ferieavvikling vil legekantoret være stengt følgende dager i juni:

- 9.6 - 12.6 - 16.6 - 19.6 - 23.6 - 26.6

Dr. Per Christensen vikarierer på **onsdager**, og legekantoret i Bokn er åpent for konsultasjoner følgende dager:

- 11.6 - 18.6 - 25.6
- Det blir endringer i uke 30, 31 og 32

Da blir det legedag mandag og fredag i stedet for mandag og torsdag.

*Helseseksjonen,
Bokn kommune*

BOKN BYGDABLAD

• UTGJEVAR

Bokn kommune

4290 BOKN

Tlf 52 74 85 00

Fax 52 74 86 90

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

• BYGDABladNEMND

Arvid K. Jøsang

Eli Kro

Reidun Grønnestad

• REDAKTØR

Jardar Havikbotn

• ABONNEMENT

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds kr. 100,- pr. år

• ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 300,-

Halvside kr. 150,-

Kvartside kr. 75,-

1/8 side kr. 50,-

Små privata. kr. 10,-

Fastannonse etter avtale

• FORSIDE

Gullspenne, Nedrebø - diameter 7,6 cm frå Vikingtid (900 - 950 e.Kr.)

• FRIST FOR STOFF

Stoff til bearbeiding, den 15. i kvar mnd.

Småannonsar og enkle notat, den 20. i kvar mnd.

ADRESSEETIKETT

Avs.

BOKN KOMMUNE

4290 BOKN

Tlf 52 74 85 00

Fax 52 74 86 90

KULTURKALENDEREN

JUNI

- Veke 23, årsprøver, Bokn skule
- gymsal opptatt
- 04.: *Basar*, Bokn skule, arr. Bokn
sanitetsforening
- 08.: *Familietur m/grilling* på
Ognøy, arr. BORK
- 08.: *Møte*, NMS, Bokn bedehus
kl. 19.30
- 13./15.: *Troppstur* til Vågholmen
saman med speidarar frå Odda.
- 20.: *Skuleavslutning*, Bokn skule
- 21.: *Dans*, Plattingen - arr. DRTT
- 24.: *Jonsokfeiring* i Peraliå
- 29.: *Firebruersløpet* Arr. Bokn
idrettslag

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

Ordføreren er å treffa på Boknatun
torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

BOKN FYSIOTERAPI

Geir Austvik - tlf. 52 74 85 00

**Bokn fysioterapi har stengt i juni og
juli p.g.a permisjon og ferie-
avvikling.**

SLIPSNÅL I GULL

funne på skuleplassen 17. mai. Nåla er
på sosialkontoret.



JUNI

22.: Gudsteneste kl. 11.00,
Arne Aurdal

FOTTERAPI

Kvar onsdag. Påmelding i
tlf. 52 74 84 79 - Rita Jensen

**Stengt i veke 31, 32 og 33 p.g.a. ferie
Etter ferien blir det fotterapi på
måndagar, oppstart 25.8**

HELSESTASJONSDAG

Måndagar 9-11.30. Elles etter avtale.

Marie Løvoll Faye
helsesøster

Stengt i veke 27 og 28 p.g.a. ferie

GULLSMYKKE

utan kjede er funne på parkerings-
plassen til Bokn skule.
Smykket (ca. 1 cm i diameter) er på
skulekontoret.

GULLØREDOBB MISTET

på strekningen Alvestadkroken -
Alvestadkrossen 17. mai - 52 74 83 27